

RETNINGSLINJER BARNES SJUKDOM

I samråd med helsestasjonen har Helland barnehage laga følgande retningslinjer for sjuke barn:



- Når barnet har hatt oppkast/diare må det ha gått 48 timar frå siste symptom til barnet kjem i barnehagen.
- Ved feber og influensasjukdom rår vi til ein feberfri dag heime før barnet tek til i barnehagen igjen.
- Det er av omsyn til andre barn og smitte. Det er lett for at det vert ein dårleg sirkel når fleire barn er halvjuke.
- Barnehagen skal kunne gje dei andre barna eit normalt godt tilbod, og ha høve til å gjennomføre planlagde aktivitetar utan særleg omsyn. Eit sjukt barn krev gjerne ein vaksen, og det er vi ikkje bemanna med. Barnet må kunne vere friskt nok til å vere ute, vi er ofte ute store delar av dagen og kan ikkje ta spesielle omsyn.
- Vi i barnehagen kontaktar dykk om barnet er sjukt. Vi har kontakta helsestasjonen for å få ein peikepinn på kva ein kan definere som feber. Det kan vere svært individuelt, men frå 37,5 og oppover kan vere feber alt etter kva normaltemperaturen barnet har. Det er derfor allmenntilstanden ein må vurdere. Om barna ikkje er heilt seg sjølv, ikkje maktar å delta i leik og verker utilpass tenker vi at det er til barnets beste å få vere heime i roligere omgjevnader. Vi kan sjølv sagt vurdere feil av og til, men alt vi gjer er med tanke på barnets beste og håper de som foreldre har forståing for det.
- Vi minner om at det er viktig med handvask når barna kjem om morgonen. Dette gjeld foreldre og om de skal vere med inn på avdelinga. Personalet passar på god handhygiene resten av dagen.
- Ved fråvær utover to dagar og det ikkje er gitt melding frå foreldre/føresette, vil barnehagen ved pedagogisk leiar kontakte heimen og etterspørje korleis det går.